

**Fra:** Asbjørn Nagell Toft  
**Sendt:** mandag 23. mai 2022 09:37  
**Til:** Trygve Syslak (terlsy@online.no)  
**Kopi:** 'etolaas@gmail.com'

### **Til Trygve Syslak**

Eg har hatt gode samtalar med Jan Gunnar Mattevik og Erlend Tolaas (dei ynskjer å samarbeida om avløpsleidning).

Camilla Rambjørg som bur lenger nord på Hopland var positiv til nytt minireinseanleg med leidning i grøft ned mot bekk/grøft.

Alle er interessert å rydda opp, det er viktig med god dialog/avtalar med grunneigarane omkring om grøfting for avløpsleidning/tidspunkt for arbeidet og det praktiske knytta til å grava på anna grunneigar sin grunn/innmark. Om dei kan kobla seg på Leif Atle Skoge sin leidning som går ut i sjø og at ein avtale der kjem på plass så ville det vore flott/viktig for prosjektet.

Om alle legg godviljen til bør dette kunne gjennomførast for alle dei tre eigedomane. Ein må ta omsyn til jordbruksgrøfter i arbeidet, men kanskje og prøva å få god grøfteeffekt der avløpsleidning vert lagt ned.

Konklusjonen er at dette arbeidet bør gjerast i 2022, gjerne etter andre slåttene, det er fint om du som haustar i området kan drøfta dette med Anita Sulen og partane her.



Me vil og følgja opp her.

Kopi går til Erlend Tolaas sidan eg har hans e-post.

Med vennleg helsing  
Asbjørn Nagell Toft  
Avdelingsleiar

.....

Austrheim kommune  
Telefon: 56 16 21 41/416 51 463  
[www.austrheim.kommune.no](http://www.austrheim.kommune.no)

